

# Møteprotokoll

---

|                  |                          |
|------------------|--------------------------|
| <b>Utval:</b>    | Formannskapet            |
| <b>Møtestad:</b> | Rådhuset, møterom 2. etg |
| <b>Dato:</b>     | 11.02.2026               |
| <b>Tid:</b>      | Kl. 09:00 - 15:30        |

---

## Følgjande medlem møtte

|                        |      |
|------------------------|------|
| David Charles Matheson | AP   |
| Ole Andrè Klausen      | H    |
| Kjell Kristian Carlsen | SP   |
| Tormod Selvik          | SP   |
| Gaute Losnegård        | SV   |
| Anja Grov Johnsen      | UAVH |

## Forfall meldt frå følgjande medl.

Åse Karin Helle Loftheim

## Parti

H

## Følgjande varamedlem møtte

Marit Klausen

## Parti

H

## Merknader:

Synfaring i Flokenes til sak 015/26

### Orienteringar

Presentasjon av innspel ang. hurtigbåt v/ Bulandet og Værlandet grendalag

Presentasjon av anbod rehabilitering barnehage

Kommunedirektør orienterte om deltaking i utviklingsnettverk for bærekraftig kommuneøkonomi, der Askvoll har blitt utvald som ein av deltakarkommunane, saman med Vaksdal, Høyanger, Voss, Vik, Øygarden, Lund, Suldal og Time.

Første samling er 28. og 29. April

Andre samling er 1. og 2. September

Møteleiar: Ole Andrè Klausen

Møtesekretær: Martin Kamprud Lundgård

## Underskrifter:

---

## Saksliste

| Sak nr. | Sakstittel                                                                                                                                              |                 |
|---------|---------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------------|-----------------|
| 011/26  | Godkjenning av innkalling og sakliste                                                                                                                   |                 |
| 012/26  | Godkjenning av protokoll                                                                                                                                |                 |
| 013/26  | Delegasjonssaker                                                                                                                                        |                 |
| 014/26  | Referatsaker                                                                                                                                            |                 |
| 015/26  | Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og byggegrensa langs sjø i arealdelen av kommuneplanen til oppføring av hall for Selvik Kystfiske på gbnr 98/3 |                 |
| 016/26  | Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for kaiområde i Askvoll sentrum til etablering av ladeinfrastruktur på gbnr 22/40                            |                 |
| 017/26  | Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling formannskap 11.02.26                                                                                      |                 |
| 018/26  | Vidareføring av Invest in Fjordane                                                                                                                      |                 |
| 019/26  | Kongebesøk i Askvoll                                                                                                                                    | Ikkje offentleg |

## **011/26: Godkjenning av innkalling og sakliste**

**11.02.2026 Formannskapet**

**Handsaming:**

Røysting - samrøystes

**FOR- 011/26 Vedtak:**

Innkalling og sakliste vert godkjent slik dei ligg føre

## **012/26: Godkjenning av protokoll**

**11.02.2026 Formannskapet**

**Handsaming:**

Røysting - samrøystes

**FOR- 012/26 Vedtak:**

Protokollen vert godkjent slik den ligg føre

## **013/26: Delegasjonssaker**

**11.02.2026 Formannskapet**

**Handsaming:**

**FOR- 013/26 Vedtak:**

Delegerte saker vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

## **014/26: Referatsaker**

### **11.02.2026 Formannskapet**

**Handsaming:**

**Kommentar - moglegheitsstudien , foreslått av Gaute Losnegård, SV**

Side 5 og beskriving av lengste fergesamband i moglegheitsstudien må oppdaterast

Røysting over opprinneleg framlegg med kommentar - Samrøystes

**FOR- 014/26 Vedtak:**

Referatsaker vert tekne til orientering slik dei ligg føre, med kommentar om moglegheitsstudien.

## **015/26: Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet og byggegrensa langs sjø i arealdelen av kommuneplanen til oppføring av hall for Selvik Kystfiske på gbnr 98/3**

**Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova vert det ikkje gjeve dispensasjon frå føremålet og byggegrensa langs sjø i arealdelen av kommuneplanen til oppføring av hall som omsøkt, då vidare utbygging her bør avklarast i samband med pågåande planprosessen med rullering av arealdelen av kommuneplanen.

### **19.01.2026 Formannskapet**

**Handsaming:**

## **Utsettingsframlegg - synfaring , foreslått av Anja Grov Johnsen, UAVH**

Saka vert utsett

Det vert halde synfaring i saka i samband med neste møte

Det vart røysta over utsettingsframlegget

Røysting - samrøystes

## **FOR- 007/26 Vedtak:**

Saka vert utsett

Det vert halde synfaring i saka i samband med neste møte

## **11.02.2026 Formannskapet**

### **Handsaming:**

#### **Endringsframlegg , foreslått av Ole André Klausen, H**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen (LNF-føremål og byggegrense mot sjø), samt dispensasjon frå føremål i sjø, for oppføring av hall som omsøkt.

Dispensasjonen vert gjeven på følgjande vilkår:

1. Det skal dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot havnivåstiging, stormflo og bølgepåverknad før byggeøyve for hall vert gitt, jf. planføresegnene pkt. 1.5 c.
2. Hallen skal ha materialbruk og fargesetting som dempar den visuelle verknaden i landskapet.
3. Inngrep i strandsona skal avgrensast til det som er naudsynt for gjennomføring av tiltaket.
4. Eventuelle krav etter havne- og farvannslova skal vere avklart før tiltak vert sett i gang.

#### **Grunngjeving**

Kommunen kan gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 når fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, og omsyna bak planen ikkje vert vesentleg tilsidesett. Omsøkt tiltak er ei vidareutvikling av eksisterande næringsverksemd på eigedomen. Selvik Kystfiske er ei etablert fiskeriverksemd med om lag fire årsverk og representerer ein viktig del av næringsgrunnlaget i denne delen av kommunen. Tiltaket vil bidra til å sikre vidare drift og leggje til rette for framtidig utvikling av verksemda. Stabil og føreseieleg tilgang på næringsareal for sjøbasert verksemd er viktig for å oppretthalde arbeidsplassar og busetnad i kommunen.

Tiltaket er funksjonelt knytt til eksisterande kaianlegg og sjøbasert aktivitet. Alternativ plassering bort frå strandsona er vurdert av tiltakshavar, men ikkje funne formålstensleg med tanke på drift, logistikk og trygg handtering av not og utstyr. Kommunen vurderer at funksjonskravet til lokalisering nær sjø er reelt og sakleg grunngjeve.

Når det gjeld naturmangfald, viser tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag at det ikkje er registrert truga naturtypar eller artar i tiltaksområdet. Tiltaket er vurdert å ha avgrensa påverknad på naturmangfald, jf. naturmangfaldlova §§ 8–12. Inngrep i sjø er avgrensa til grunt område og er vurdert å ikkje kome i vesentleg konflikt med registrert gytefelt for torsk.

Tiltaket kjem heller ikkje i vesentleg konflikt med landbruksinteresser, då området er avskjerma frå dyrka mark og registrert som skog. Strandsona i området er vanskeleg tilgjengeleg grunna bratt terreng, og tiltaket er vurdert å ha avgrensa konsekvens for allment friluftsliv.

Tiltaket vil vere synleg frå sjø, men terrengtilpassing og krav til materialbruk og fargesetting vil redusere landskapsverknaden.

Statsforvaltaren har rådd frå dispensasjon og peikt på behov for planavklaring. Kommunen har lagt vekt på dette, men vurderer at tiltaket i hovudsak er ei vidareføring av eksisterande lovleg etablert næringsaktivitet på staden. Kommunen vurderer at tiltaket har avgrensa samla konsekvens for strandsoneinteresser, og at omsyna bak planen ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at fordelane ved å gje dispensasjon – knytt til næringsutvikling, arbeidsplassar og lokal verdiskaping – er klart større enn ulempene knytt til inngrep i strandsona.

Det var synfaring i saka.

Endringsframlegg vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke

## **FOR- 015/26 Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå arealdelen til kommuneplanen (LNF-føremål og byggegrense mot sjø), samt dispensasjon frå føremål i sjø, for oppføring av hall som omsøkt.

Dispensasjonen vert gjeven på følgjande vilkår:

1. Det skal dokumenterast tilstrekkeleg tryggleik mot havnivåstiging, stormflo og bølgepåverknad før byggeløyve for hall vert gitt, jf. planføresegnene pkt. 1.5 c.
2. Hallen skal ha materialbruk og fargesetting som dempar den visuelle verknaden i landskapet.
3. Inngrep i strandsona skal avgrensast til det som er naudsynt for gjennomføring av tiltaket.
4. Eventuelle krav etter havne- og farvannslova skal vere avklart før tiltak vert sett i gang.

### **Grunngjeving**

Kommunen kan gje dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 når fordelane ved å gje dispensasjon er klart større enn ulempene etter ei samla vurdering, og omsyna bak planen ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Omsøkt tiltak er ei vidareutvikling av eksisterande næringsverksemd på eigedomen. Selvik Kystfiske er ei etablert fiskeriverksemd med om lag fire årsverk og representerer ein viktig del av næringsgrunnlaget i denne delen av kommunen. Tiltaket vil bidra til å sikre vidare drift og leggje til rette for framtidig utvikling av verksemda. Stabil og føreseieleg tilgang på næringsareal for sjøbasert verksemd er viktig for å oppretthalde arbeidsplassar og busetnad i kommunen.

Tiltaket er funksjonelt knytt til eksisterande kaianlegg og sjøbasert aktivitet. Alternativ plassering bort frå strandsona er vurdert av tiltakshavar, men ikkje funne formålstensleg med tanke på drift, logistikk og trygg handtering av not og utstyr. Kommunen vurderer at funksjonskravet til lokalisering nær sjø er reelt og sakleg grunngjeve.

Når det gjeld naturmangfald, viser tilgjengeleg kunnskapsgrunnlag at det ikkje er registrert truga naturtypar eller artar i tiltaksområdet. Tiltaket er vurdert å ha avgrensa påverknad på naturmangfald, jf. naturmangfaldlova §§ 8–12. Inngrep i sjø er avgrensa til grunt område og er vurdert å ikkje kome i vesentleg konflikt med registrert gytefelt for torsk.

Tiltaket kjem heller ikkje i vesentleg konflikt med landbruksinteresser, då området er avskjerma frå dyrka mark og registrert som skog. Strandsona i området er vanskeleg tilgjengeleg grunna bratt terreng, og tiltaket er vurdert å ha avgrensa konsekvens for allment friluftsliv.

Tiltaket vil vere synleg frå sjø, men terrengtilpassing og krav til materialbruk og fargesetting vil redusere landskapsverknaden.

Statsforvaltaren har rådd frå dispensasjon og peikt på behov for planavklaring. Kommunen har lagt vekt på dette, men vurderer at tiltaket i hovudsak er ei vidareføring av eksisterande lovleg etablert næringsaktivitet på staden. Kommunen vurderer at tiltaket har avgrensa samla konsekvens for strandoneinteresser, og at omsyna bak planen ikkje vert vesentleg tilsidesett.

Etter ei samla vurdering meiner kommunen at fordelane ved å gje dispensasjon – knytt til næringsutvikling, arbeidsplassar og lokal verdiskaping – er klart større enn ulempene knytt til inngrep i strandsona.

# 016/26: Søknad om dispensasjon frå reguleringsplan for kaiområde i Askvoll sentrum til etablering av ladeinfrastruktur på gbnr 22/40

## Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 19-2 i plan- og bygningslova vert det gjeve dispensasjon frå føremålet i reguleringsplan for kaiområde og byggegrensa mot sjø og fylkesveg til etablering av teknisk bygg for ladeinfrastruktur som omsøkt. Dispensasjon vert gjeve på vilkår av at:

- ny tilkomst for gods/varelevering som tilfredstiller krava i vegnormalane vert opparbeidd.
- teknisk bygg får utforming i samsvar med føresegnene i reguleringsplan pkt 3.1.2 - 3.1.4.
- det vert utført støyreducerende tiltak i form av lydisolering av det tekniske bygget og kjølecoil i sjø slik at lydnivået på natta ikkje vert høgare enn gjennomsnittlig 45 desibelrett utanfor soverom.

Grunngjeving går fram av vurderinga.

## 19.01.2026 Formannskapet

### Handsaming:

#### Utsettingsframlegg , foreslått av Ole André Klausen, H

Saka vert utsett

Det vart røysta over utsettingsframlegget

Røysting - samrøystes

#### FOR- 008/26 Vedtak:

Saka vert utsett

## 11.02.2026 Formannskapet

### Handsaming:

#### Endringsframlegg , foreslått av Ole André Klausen, H

Kommunen legg til grunn at det kan vere grunnlag for å vurdere vilkåra i § 19-2 som oppfylte, mellom anna i lys av nasjonale og regionale føringar for elektrifisering, klima- og utsleppsomsyn

Kommunen har likevel etter ei samla og konkret vurdering kome til at dispensasjon ikkje bør gjevast.

Kaiområdet i Askvoll er eit sentralt knutepunkt med fleire samtidige funksjonar knytt til transport, ferdsel, næring, reiseliv og opphald.

Det ligg føre pågåande og framtidige utviklingsinteresser knytt til bruk og organisering av hamne- og trafikkområda. Kommunen meiner det difor er særleg viktig å unngå einskildvise dispensasjonar for permanente tiltak i dette området. Det omsøkte tiltaket gjeld etablering av eit permanent teknisk bygg i eit sentralt areal. Kommunen meiner dispensasjon kan redusere fleksibiliteten for framtidig samla utvikling og disponering av området.

Kommunen legg til grunn at dispensasjon skal vere eit unntak frå vedteken plan. Tiltaket gjeld etablering av eit sjølvstendig teknisk bygg av permanent karakter. Kommunen meiner slike tiltak normalt bør avklarast gjennom planprosess.

Kommunen legg til grunn at elektrifisering av ferjedrift er eit viktig klimatiltak, og har vurdert dette som eit tungtvegande omsyn.

Kommunen meiner likevel at omsynet til langsiktig, samla og føreseieleg arealforvaltning i dette konkrete området veg tyngre i vurderinga av om dispensasjon bør gjevast.



**Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå reguleringsplan for kaiområde i Askvoll sentrum, samt frå byggegrense mot sjø og fylkesveg, for etablering av teknisk bygg for ladeinfrastruktur på gbnr. 22/40.

Kommunen legg til grunn at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 kan vere oppfylte.

Kommunen har likevel etter ei konkret og samla vurdering kome til at dispensasjon ikkje bør gjevast.

Kommunen legg avgjerande vekt på behovet for heilskapleg planavklaring av kaiområdet, omsynet til framtidig arealbruk og utvikling av området, stadsspesifikke forhold ved lokaliseringa, og at dispensasjon skal vere ein snever unntaksregel.

Kommunen meiner tiltak av denne karakteren bør avklarast gjennom reguleringsplan. Tiltakshavar kan fremje planforslag dersom tiltaket skal vurderast vidare.

Endringsframlegg vart sett opp mot kommunedirektøren sitt framlegg:

Endringsframlegget vart samrøystes vedteke

**FOR- 016/26 Vedtak:**

Kommunen legg til grunn at det kan vere grunnlag for å vurdere vilkåra i § 19-2 som oppfylte, mellom anna i lys av nasjonale og regionale føringar for elektrifisering, klima- og utsleppsomsyn

Kommunen har likevel etter ei samla og konkret vurdering kome til at dispensasjon ikkje bør gjevast.

Kaiområdet i Askvoll er eit sentralt knutepunkt med fleire samtidige funksjonar knytt til transport, ferdsel, næring, reiseliv og opphald.

Det ligg føre pågåande og framtidige utviklingsinteresser knytt til bruk og organisering av hamne- og trafikkområda. Kommunen meiner det difor er særleg viktig å unngå einskildvise dispensasjonar for permanente tiltak i dette området. Det omsøkte tiltaket gjeld etablering av eit permanent teknisk bygg i eit sentralt areal. Kommunen meiner dispensasjon kan redusere fleksibiliteten for framtidig samla utvikling og disponering av området.

Kommunen legg til grunn at dispensasjon skal vere eit unntak frå vedteken plan. Tiltaket gjeld etablering av eit sjølvstendig teknisk bygg av permanent karakter. Kommunen meiner slike tiltak normalt bør avklarast gjennom planprosess.

Kommunen legg til grunn at elektrifisering av ferjedrift er eit viktig klimatiltak, og har vurdert dette som eit tungtvegande omsyn.

Kommunen meiner likevel at omsynet til langsiktig, samla og føreseieleg arealforvaltning i dette konkrete området veg tyngre i vurderinga av om dispensasjon bør gjevast.

**Vedtak:**

Med heimel i plan- og bygningslova § 19-2 vert det ikkje gjeve dispensasjon frå reguleringsplan for kaiområde i Askvoll sentrum, samt frå byggegrense mot sjø og fylkesveg, for etablering av teknisk bygg for ladeinfrastruktur på gbnr. 22/40.

Kommunen legg til grunn at vilkåra for dispensasjon etter plan- og bygningslova § 19-2 kan vere oppfylte. Kommunen har likevel etter ei konkret og samla vurdering kome til at dispensasjon ikkje bør gjevast.

Kommunen legg avgjerande vekt på behovet for heilskapleg planavklaring av kaiområdet, omsynet til framtidig arealbruk og utvikling av området, stadsspesifikke forhold ved lokaliseringa, og at dispensasjon skal vere ein snever unntaksregel.

Kommunen meiner tiltak av denne karakteren bør avklarast gjennom reguleringsplan. Tiltakshavar kan fremje planforslag dersom tiltaket skal vurderast vidare.

## **017/26: Fast sak om økonomi, innsparing og omstilling formannskap 11.02.26**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Formannskapet tek orientering om økonomi, innsparing og omstilling til vitande

## **11.02.2026 Formannskapet**

### **Handsaming:**

Vedlegg "Status innsparingar 050226" var ikkje lagt ved i innkallinga, men vart delt ut i møtet  
Røysting - samrøystes

### **FOR- 017/26 Vedtak:**

Formannskapet tek orientering om økonomi, innsparing og omstilling til vitande

## **018/26: Vidareføring av Invest in Fjordane**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

- Askvoll kommune tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.
- Askvoll kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga og kommunane i Region Fjordane.
- Askvoll kommune løyver 90.000 kr årleg i tre år til den vidare satsinga. Føresetnad for medfinansieringa er Lutelandet Utvikling AS sitt vedtak om å dekke Askvoll kommune (og dei andre eigarkommunane) sin del av finansieringa av Invest in Fjordane dei neste 3 åra.

## **11.02.2026 Formannskapet**

### **Handsaming:**

Røysting - samrøystes

### **FOR- 018/26 Vedtak:**

- Askvoll kommune tek vedtaket frå Regionrådet i Fjordane IPR til orientering, og sluttar seg til at satsinga vert vidareført i tråd med vedlagde saksframlegg og grunnlag.

- Askvoll kommune stiller seg positiv til ei vidareføring av Invest in Fjordane som ei treårig satsing, under føresetnad av at finansieringa kjem på plass gjennom ei tredelt løysing mellom Vestland fylkeskommune, Sparebankstiftinga og kommunane i Region Fjordane.
- Askvoll kommune løyver 90.000 kr årleg i tre år til den vidare satsinga. Føresetnad for medfinansieringa er Lutelandet Utvikling AS sitt vedtak om å dekke Askvoll kommune (og dei andre eigarkommunane) sin del av finansieringa av Invest in Fjordane dei neste 3 åra.

## **019/26: Kongebesøk i Askvoll**

### **Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:**

Formannskapet tek orientering og grovskisse for kongebesøket til orientering

## **11.02.2026 Formannskapet**

### **Handsaming:**

Røysting - samrøystes

### **FOR- 019/26 Vedtak:**

Formannskapet tek orientering og grovskisse for kongebesøket til orientering